

# HØYRINGSSVAR

## frå prosten i Sogn prosti.

### Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettsiden: [www.kirken.no/kirkeordning](http://www.kirken.no/kirkeordning)

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Hørings svar bes sendt elektronisk til [post.kirkeradet@kirken.no](mailto:post.kirkeradet@kirken.no).

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn: **Prosten i Sogn prosti**

Adresse: **Postboks, 6, 6856 Sogndal** [prost@sogndal.kyrkja.no](mailto:prost@sogndal.kyrkja.no)

Kontaktperson: **Kjetil Netland**

## Høringsspørsmålene

- 1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar:

Kven som skal representere soknet i framtida si kyrkjeordning, er kanskje det viktigaste spørsmålet i denne saka. Det er heilt uvisst korleis kommuneinndelinga vil verte etter 2020. Det er òg usikkert om fylkesgrensene vil vere som i dag. Det er difor så mange usikre faktorar, at **KYRKJA BØR VENTE MED Å HANDSAME OG AVGJERE DENNE SAKA TIL KOMMUNE- OG REGIONREFORMA ER FERDIG AVGJORT OG VI VEIT KORLEIS DET OFFENTELEG NOREG VERT INNDELTE.**

Eg er overtydd om at den lokale kyrkja sine organ må ha nært samarbeid med kommunen sine organ. Det organet som skal representere soknet, må difor normalt vere på nivå med kommunen. Eg meiner at ordninga med fellelråd skal først vidare.

Samtidig meiner eg at prestane må vere tilsett på bispedømenivå og ha biskopen som arbeidsgjevar.

Difor har eg kome til at vi bør føre vidare ordninga med to arbeidsgjevarlinjer.

**2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar:

Ja.

For å halde oppe kommunen sin vilje til å gje den lokale kyrkja naudsynte løyvingar, bør den lokale kyrkja sitt styringsorgan ikkje liggje høgare enn på kommune-nivå.

**3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar:

Medlemsavgift. Fordi det styrkjer medvitet hjå medlemmane om at dei høyrer til i kyrkja, og fremjar engasjementet for kyrkja. Dette vil på sikt styrke folkekyrkja.

**4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar:

Arbeide for gode samarbeidsløysingar på lokalt nivå.  
Samarbeid mellom fellesråda og innan prostiet

**5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Normalt bør det vere eit sokneråd for kvar kyrkje/kyrkjelyd. Det styrker den lokale ansvarskjensla at bygda har ansvar for si eiga kyrkje og det som skjer der.

Det bør ikkje lagast kriterier for minstetal på medlemmer for eit sokneråd. Geografien er svært ulik i landet. Slike kriterier vil sjelden treffe dei lokale tilhøva.

Fylket vårt – Sogn og Fjordane – er eit godt døme på at engasjementet og oppslutninga om kyrkja er omvendt proporsjonal med innbyggjartal og storleik på sokn.

**6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?**

Svar:

Ja.

**7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar:

På kommunenivå

**8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Svar:

Nei

**9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar:

Nei

**10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar:

Presten og prosten bør ha ei sjølvstendig leiarrolle for den lokale prestenesta. Men presten og prosten skal samarbeide nært med soknet sine organ om organiseringa av den samla verksemda i den lokale kyrkja. Det bør fastsetjast reglar for å styrke dette samarbeidet.

Presten bør ikkje vere dagleg leiar av den lokale kyrkja.

**11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Biskopen si rolle som tilsyn og åndeleg leiar og inspirator bør styrkast.

**12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar:

Biskopen må framleis vere arbeidsgjevar for prestane.

**13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Dagens ordning vert ført vidare

**14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar:

Ja.

Biskopen sitt organ for å utarbeide og følgje opp planar og heilskapleg styring av kyrkja i bispedømmet.

Tilsetjing og arbeidsgjevarorgan for prestane.

**15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar:

Tilsetjing av prostar og prestar i bispedømmet.

Men den lokale medverknaden ved tilsetjing må vert esterke. Intervju må gjennomførast på tenestestaden og ikkje på bispedømmekontoret. Dette kan gjerast ved at prosten får ansvaret for å gjennomføre intervjuet, og at fleire får sokneråda får høve til å delta.

**16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar:

Nei.

Eg meiner at soknet sitt organ (fellesråd i ny kommunestruktur) bør vere arbeidsgjevar for dei tilsette i soknet.

Nærleik styrker engasjement. På same tid er det viktig at arbeidsgjevar har nok kompetanse. Dersom nokre kommunar i framtida vert små, kan ein løyse dette ved eit fellerråd som femner om to eller tre kommunar.

Samtidig meiner eg at presten si uavhengige stilling vert best ivareteke ved at prestane må vere tilsett på bispedømmenivå og har biskopen som arbeidsgjevar.

Det må lagast tydelege avtalar på samordning og samarbeid mellom dei to arbeidsgjevarlinjene (til dagleg prost og kyrkjevevje).

Med desse momenta som føresetnader, har eg kome til at vi bør føre vidare ordninga med to arbeidsgjevarlinjer.

**17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar:

Arbeidsgjevar for prestane: Biskop med prost som mellomleiar.  
Arbeidsgjevar for andre vigsla og andre tilsette: Fellesråd.

**18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar:

I større grad enn i dag.

Døme:

XX kommune er ei øy. Innbyggjartalet er for lite til at ein kan oppretthalde eiga prestatilling, men kommunikasjonane er svært dårlege. For å få til ei god løysing, kan bispedømet stille med lønsmidlar til 50 % sokneprest, og lokalt organ skyte til resten. Til saman får ein ei 100 % stilling der prestatenesta vert kombinert med td trusopplæring/diakoni/administrasjon.

I eit slikt tilfelle kan det lagast spesialavtale, der arbeidsgjevaransvaret vert definert tydeleg.

**19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslende tjenester?**

Svar:

Ved at biskopen er arbeidsgjevar for prestane.

Ved at presten normalt ikkje skal vere dagleg leiar av den lokale kyrkja.

**20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Svar:

Som i dag. Eg stør Kyrkjerådet si førebels vurdering, (Høringsnotatet s 82)

**21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?**

Svar:

Som i dag. Eg stør Kyrkjerådet si førebels vurdering, (Høringsnotatet s 82)

**22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?**

Svar:

Eg stør mindretalet 1B i høringsnotatet s 85)

**23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?**

Svar:

Preses vert leiar og arbeidsgjevar.

**24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Svar:

Ikkje svart

**25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Svar:

Oppgåvene vert ført vidare av Bispemøtet.

**26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Ikkje svart

**27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Ikkje svart

**Balestrand, 30. april 2015**

**Kjetil Netland, prost**